



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Eirik Lyssand, 55 57 21 11

Vår dato  
12.11.2012  
Dykkar dato

Vår referanse  
2012/11498 620  
Dykkar referanse

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep  
0030 Oslo

### Høyringsuttale til forslag om endringar i barnevernlova

Vi viser til høyringsnotatet frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) som er delt opp i tre delar. Første del av notatet er ein faktadel om barna i barnevernet, ei orientering om dagens oppgåve- og finansieringsansvar, og til slutt ei oppsummering av dei evalueringsrapportane av barnevernet som diverse instansar har utført etter bestilling frå BLD. Andre delen omhandlar eit forslag til endring i dagens oppgåve og finansieringsansvar, og tredje delen omhandlar diverse endringsforslag til gjeldande barnevernlov.

Fylkesmannen i Hordaland støttar BLD sine intensjonar om å styrke barnevernet. Vi støttar difor dei fleste av forslaga til endringar i barnevernloven. Vi har valt ut nokre tema som vi har omtalt spesielt.

- 1. Fylkesmannen i Hordaland meiner at det bør byggjast opp eit fagleg sterkt og robust interkommunalt barnevern som på sikt og får ansvar for alle typar tilbod, også institusjonstilbod i ein region/ fylke.  
Fylkesmannen bør få heimel til å påleggje interkommunalt samarbeid**

I evalueringsrapportane blir dagens system drøfta med vektlegging av nokre av dei spenningane som har vore i ansvarsdelinga mellom det statlege forvaltningsnivået og kommunane med grunnlag i dagens oppgåve- og finansieringsansvar. Mange av tilrådingane i evalueringsrapportane kan kjennast att i endringsforslaga som er fremma under del 3 i høyringsnotatet. Fylkesmannen i Hordaland kan slutte seg til dei fleste av tilrådingane, men skal ein nå dei overordna måla i lova er det etter vårt syn nødvendig med eit meir omfattande grep. Med grunnlag i dei analysane som ligg i bl.a. evalueringsrapportane kor det m.a. blir peika på alvorlege organisatoriske utfordringar, trur vi ikkje forslaga til slike endringar på langt nær er omfattande nok til å unngå dei spenningane som er nemnde ovanfor, og som er ressurs- og energitappande for det systemet som skal tena barnevernlova sitt hovudmål.

Med det evalueringsgrunnlaget som no ligg føre bør det vurderast starten på langt meir omfattande strukturelle endringar i barnevernet, dersom ein skal ha von om endringar som vil tena hovudmålet i barnevernlova, og bøta på dei openberre systemvanskane barnevernet i dag er i.

Barnevernlova (bvl) § 1-1 sitt hovudmål er å sikre at «*barn som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid*». Etter bvl. § 4-1 «*skal det legges avgjørende vekt på å finne tiltak som er til beste for barnet.*»

Vi meiner det er nødvendig å bygge kommunale tenester som er robuste, og med nok fagleg breidde til å handtere alle delar av dette krevjande fagfeltet. Desse organisasjonane må ha eit heilskapleg ansvar for å gi barna «*stabil og god voksenkontakt og kontinuitet i omsorgen*» jf. bvl § 4-1.

Barnevernpanelet meinte i si tilråding at barneverntenestene bør ha ei minimums bemanning på fem fagstillingar pr. barnevernteneste for å kunna gi ei god nok teneste. Fylkesmannen i Hordaland meiner einingane må vere langt større og ha ei sterkare bemanning enn dette forslaget. Større organisasjonar blir meir slagkraftige og etterkvart i stand til å handtere eit heilskapleg ansvar for tenesta. Denne tenesta bør og ha ansvaret for oppfølging av barn i fosterheim (sjå og seinare). Når dei interkommunale løysingane er på plass, bør ansvaret både for fosterheimar og institusjonar som i dag ligg på statleg nivå (Bufetat), overførast til det kommunale nivået. Eit geografisk område (fylke eller region) med fleire interkommunale barnevern kan få ansvaret for institusjonstilbodet.

Av omsyn til «barnets beste» og for å sikre ei slik utvikling meiner Fylkesmannen i Hordaland at det må heimlast i lovverket at ein frå statleg hald kan påleggja kommunar å etablere interkommunalt samarbeid. Pr. 30.06.12 var det tolv kommunar i Hordaland med færre enn fem tilsette som ikkje er med i interkommunale løysingar. Desse organisasjonane er særleg sårbare og kan vanskeleg sikre nødvendig fagleg breidde og kvalitet innanfor alle delar av fagfeltet. I Hordaland vil Bergen kommune med nokre justeringar vere i stand til å handtere eit heilskapleg barnevern. Eksisterande interkommunale barneverntenester og dei største kommunane vil i framtida måtta styrkast for å sikre utfordringane knytt til kompetanse og økonomi.

## **2. Fylkesmannen i Hordaland meiner at kommunane tek stort ansvar og ikkje må få auka eigendel ved bruk av institusjonar**

Forslag nr 1, side 38, legg opp til ei endring i finansieringsordning gjennom å innføre ein større kommunal eigendel ved plassering i institusjon. Målet er å få til ein vridingseffekt og redusere bruk av institusjonar som i dag for største del er finansiert av statleg nivå (Bufetat).

Etter vårt syn kan vi oppfatte argumenta i høyringsnotatet som ein mistillit til kommunane sine faglege og økonomiske vurderingar. Dette kjenner vi oss ikkje igjen i. Slik vi ser det vil ikkje auka eigendelar gi ønska måloppnåing. Vi meiner at endring av den kommunale organisasjonstrukturen til større einingar med heilskapleg ansvar og meir robust økonomi må ha prioritet, evt skje før eigendelane blir auka. Overgang til større eigendelar i dag vil kunne bli ei urimeleg belastning for allereie pressa småkommunar. Fagetaten kan bli pressa til ikkje å plassere av frykt for kommuneøkonomien. Faren for at løysingar ikkje blir gjort til «barnets beste» aukar.

*Betre samhandling mellom stat og kommune.*

Dette punktet bør sjåast i samheng med førre avsnitt. Det er viktig å styrke kommunane sin kapasitet og kompetanse først. Kommunane får et større ansvar når Bufetat ikkje lenger skal drive med ulovfesta oppgåver. Dei må gjerast i stand til å sikre dette.

### **3. Fylkesmannen i Hordaland meiner at rettstryggleiken for barna i barnevernet må styrkast gjennom ein rettsleg standard for forsvarlege tenester.**

*Forsvarlege tenester som rettsleg standard.*

Vi sluttar oss til forslaget. Dette fører til at det må utviklast faglege standardar og rettleiarar for å normera kva som er godt fagleg barnevern (og barns beste). Her står mykje arbeid att som bør omtalast i forarbeidet til lova. Ei normering som kan gjerast raskt, er normering av storleiken og kompetansekrav til dei kommunale barnevernstenestene. Kravet til forsvarlege tenester vil konkretiserast og tydeleggjerast gjennom Fylkesmannen sitt tilsyn og klagesaksbehandling. Vi meiner at det som står i forarbeidet til den nye helse og omsorgslova om fagleg forsvarleg verksemd (Prop 91L, frå side 263) med fordel kan nyttast i arbeidet med å utarbeide og tolke krav til forsvarlege barnevernstenester.

### **4. Tilsyn bør ha same definisjon i all offentleg verksemd og kommunen ha ansvaret for oppfølging av barn i fosterheimar**

Fleire instansar har ønska endra omgrepsbruk på fleire område. Vi meiner at ordet «tilsyn» bør brukast slik vi frå før er kjend med, om «*alle utadrettete aktiviteter for å påse at myndighetskrav blir etterlevd*» (forvaltningspolitisk utgreiing). Tilsyn definert som dette passar på organisasjonar/verksemder. Vi er samde i presiseringa av kommunen sitt ansvar for å organisere ei forsvarleg oppfølgingsordning av barn i fosterheimar. Ansvaret ligg hos kommunen i dag òg, men lovendringsforslaget er ei presisering av dette ansvaret. Etter vårt syn skil oppfølging med fosterbarn (familiar) seg i vesentleg grad frå tilsynet med barneverninstitusjonar (organisasjon), og er ein naturleg del av kommunane si oppfølgingsplikt. Oppfølging av barn i fosterheimar stiller krav om barnevernfagleg kompetanse. Omgrepet tilsyn passar ikkje på denne verksemda, jf definisjonen over. Vi støttar difor forslaget frå Barnevernproffane om å endre tilsynsførar til tillitsperson.

Etter bvl § 2-3 fjerde led jf. § 2-3b har Fylkesmannen i dag tilsyn med barnevernverksemda i kommunane. I dette ligg og ansvar for at ordninga med at oppfølging av barn i fosterheim fungerer. Fylkesmannen bør fortsatt ha dette ansvaret.

*Regulering av institusjonar med behandlingsheim.*

I Hordaland har det dei siste åra vore få plasseringar i forsterka fosterheimar «ungdomsfamiliar» som har vore heimla i bvl §§4-24 og 4-26. Plasseringane kan vere utfordrande nok om ein ikkje gjer bruk av tvangsparagrafane. Vi er skeptisk til bruk av tvangsbruk i private heimar. Ei direkte overføring av rettighetsforskrifta til desse heimane med rett til tvang og inngrep i personleg integritet kan bli særleg utfordrande utan langt sterkare krav om å profesjonalisere dei som skal godkjennast for slike plasseringar.

*Endring av tilsynsforskrifta sitt krav til årleg systemrevisjon av barneverninstitusjonar.*

Vi er samd i endringsforslaget om å vurdere behovet for å føre tilsyn med institusjon ut frå ein risiko- og sårbarheitsanalyse.

#### **5. Fylkesmannen bør ha tilsyn med heile Bufetat**

Vi er samd i desse forslaga som vi ser som ei tilnærming og «harmonisering» med gjeldande praksis innanfor Fylkesmannen sitt tilsyn med dei regionale helseføretaka. Fylkesmannen har allereie tilsyn med Bufetat sine barneverninstitusjonar. Det vil vere naturleg at Fylkesmannen har tilsynet med alle barneverntenestene til Bufetat, som til dømes faglaga (fagteama). Det inneber at fylkesmannen har tilsyn med og, om naudsynt, kan gje pålegg til Bufetat som eigar.

Vi sluttar oss i hovudsak til dei øvrige endringsforslaga i høyringsnotatet.

Med helsing

Rune Fjeld e.f.  
ass. Fylkesmann

Helga Arianson  
fylkeslege

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*